



## Notat

**Til:** Hovudutvalet for opplæring

**Frå:** Fylkesdirektøren for opplæring

### **Oppfølging av temadag fag- og yrkesopplæring på Flora vidaregåande skule 27.02. 2019**

#### Bakgrunn

Hovudutval for opplæring og fagopplæringsnemnda i Sogn og Fjordane har dei siste fire åra invitert aktuelle aktørar til ein årleg temadag med særskilt merksemd på fag- og yrkesopplæringa.

Dei seinare åra har det vore stor merksemd på ungdommen si psykiske helse og tema i år vart difor: *Elevar og lærlingar får kunnskap, haldningar og lyst til å møte livet fagleg, sosialt og personleg ved å utvikle seg i gode psykososiale læringsmiljø.*

Skulen og lærebedrifta er sentrale plassar i ungdomen sitt liv, og det er viktig å skape gode tilhøve for ei positiv utvikling og eit godt læringsmiljø. Læringsmiljøet er elevane og lærlingane sitt arbeidsmiljø, og både lærling-, elev- og Ungdata-undersøkinga viser resultat som det er grunn til å uroa seg over. Psykiske helseplagar er ein av dei mest aukande årsakene til at unge droppar ut av vidaregåande skule.

Temadagane er lagt opp med gruppeprosessar der involverte partar får innspel, drøfte og utveksle tankar, meininger og erfaringar om aktuelle tema på tvers av roller. Oppdraget for sektoren er elevane og lærlingane si læring, og deira stemme er den mest sentrale på temadagane.

I dette notatet skisserar fylkesdirektøren korleis innspela frå gruppeprosessane skal følgjast opp. Skuletida, overgangen frå skulelivet til arbeidslivet og læretida byr på både gleder og utfordringar. Alle elevar og lærlingar opplever krav og forventningar ulikt, og ei viktig oppgåve for skule og bedrift blir å tilpasse opplæringa slik at alle blir sett, trivst og kjenner læringsglede. Helse, trivsel og læring er gjensidig avhengig av kvarandre; helse og trivsel gir gode vilkår for læring og opplevinga av å lære gir meistringsopplevelingar som aukar helsa og trivselen.

Gruppeprosessen var lagt opp slik:

1. gruppa prioriterer dei tre viktigaste vilkåra innafor helse, trivsel og læring som må ligge til grunn for å skape eit godt psykososialt læringsmiljø for elevane og lærlingane.
2. gruppa tok føre seg vilkåra gruppearbeid 1 og fann verknadsfulle tiltak og løysingar på desse.

Oppsummeringa av gruppeprosessen syner at alle gruppene legg vekt på samanhengen mellom helse, trivsel og læring. Samanfallande for gruppene er verdien av kosthald, relasjonsarbeid og miljø i arbeidet med å skape eit godt psykososialt læringsmiljø for elevane og lærlingane. Nedanfor følgjer ei skisse over korleis fylkesdirektøren vil følgje opp gruppene sine forslag til tiltak innanfor kvart område.

| Område   | Oppfølging frå fylkesdirektøren   |
|--|---|
| Kosthald <ul style="list-style-type: none"> <li>- fruktmåltid</li> <li>- tilgang på sunn og næringsrik mat</li> </ul>  | Kvar skule får i oppdrag å identifisere kva tilgang elevane har på sunn og næringsrik mat, og kva skulen ser som nødvendig å følgje opp og vidareutvikle.   |
| Relasjonsarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>- kompetente vaksne, både som omsorgsperson og fagperson</li> </ul>   | På dag to av fylkesdirektøren si leiarsamling 9. og 10. april jobba skulane med: <ul style="list-style-type: none"> <li>• Kvar i læringsmiljøet treng vi den kompetente vaksne?</li> <li>• Kva eigenskapar må han/ho ha?</li> <li>• Korleis jobbar den kompetente vaksne for å skape eit godt arbeidsmiljø <ul style="list-style-type: none"> <li>o i klasserommet?</li> <li>o i friminutta?</li> </ul> </li> </ul> Fylkesdirektøren følgjer dette opp gjennom den kontinuerlege dialogen med skulane og lærebedriftene/opplæringskontora.  |
| Miljø <ul style="list-style-type: none"> <li>- inkludere og vere ein del av eit fellesskap</li> <li>- tilgjengeleg helseteneste for elevar og lærlingar</li> <li>- lage gode skolemiljø</li> <li>- læringsmiljø</li> </ul> | Fylkesdirektøren skal gi skulane ei oversikt over lærlingar som har lærepllass i nærområde. Skulen skal sende personleg invitasjon til desse om å delta på skulen sine aktivitetar, t.d. open skule.  Fylkesdirektøren gir kvar einskild lærling informasjon om nærmaste tilgjengeleg helseteneste.  Gjennom rektormøte bevisstgjere verknaden av eit godt fysisk skolemiljø; skape trivelege og uformelle møteplassar som er lett tilgjengeleg for elevane og lærlingane. Lett tilgjengeleg kan t.d. vere å gi tilgang til skulen sine lokale utanom ordinær skuletid.  Gjennom rektormøte bevisstgjere kor viktig eit inkluderande og godt læringsmiljø er for elevane sitt læringsarbeid. Sjå relasjonsarbeid over.  Fylkesdirektøren for opplæring vil invitere leiarar i fag- og yrkesopplæringa til eit oppfølgingsmøte der ein drøftar vidare arbeid med lærlingane sitt lærings- og arbeidsmiljø. |

Alle som arbeidar med elevar og lærlingar må sikre tillit, tid, tilgjengelegheit og høg kvalitet på og i opplæringa. Dette arbeidet kan aldri ferdigstilla. Vegen mot «Mot nye høgder» krev kontinuerleg innsats!